

AVTALE

Mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og lokale samarbeidspartnarar om utarbeiding av

Marine grunnkart i Flora, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen

Avtalepartane

Avtalen gjeld mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmanne i Sogn og Fjordane og kommunane: Flora, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen og næringsverksemdene:

.....

om samarbeid i prosjektet Marine Grunnkart i Flora, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen.

Generelt

Det vart 2019 inngått avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Norges geologisk undersøkelse (NGU) om utarbeiding av marine grunnkart for sjøområda i kommunane Flora, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen.

Oppstart av prosjektet er betinga av denne avtalen mellom fylkeskommunen og dei lokale samarbeidspartnarane.

Denne avtalen regulerer forholdet mellom fylkeskommunen og andre finansielle aktørar i prosjektet. Samarbeidspartnarane er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og kommunane Flora, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen og verksemdene

Føremål med avtala

- Sikre god dialog mellom NGU, kommunane og brukarar av sjøområda
- Sikre finansiering frå samarbeidspartnarane
- Prosjektleiari har ansvar for oppfyljing av avtalen med NGU
- Styringsgruppa vel møteform og møtefrekvens som sikrar ei best mogleg oppfølging av avtalen med NGU og behov hjå lokale aktørar
- Styringsgruppa godkjenner endeleg rapport frå NGU
- Styringsgruppa skal bidra til at produkta vert nytta i planlegging og forvaltning av sjøområda

Prosjektet Marine Grunnkart (henta frå avtalen mellom fylkeskommunen og NGU)

Arbeidet omfattar kartlegging av sjøområda i kommunane for å framstille Marine grunnkart med temakart. Kartlegginga skal avgrensast til område der Kartverket har moderne sjømålingsdata innsamla med multistråleekkolodd. NGU gjennomfører tokt med videofilming, akustiske undersøkingar og prøvetaking som grunnlag for utarbeiding av kart.

Følgjande oppgåver vil bli gjennomført:

- Innkjøp av multistråledata frå Kartverket.
- Prosessering og førebels tolking av multistråledata som grunnlag for tokt.
- Kartleggingstokt med NGU sitt forskingsfartøy FF Seisma – 2 eller 3 toktsesongar.
- Prosessering og analyse av innsamla materiale (video, prøvar, multistråle- og sonardata).
- Tolking, rapportering og publisering av data.
- Gjennomføring av oppstartmøte, prosjektmøte og avslutningsmøte.

Geologisk kartlegging av sjøbotn og framstilling av marine grunnkart til offentleg bruk er ein del av NGUs basisverksemd. NGU har det faglege ansvaret for innhaldet i rapportar og dei marine grunnkarta som skal framstillast, og vil utføre arbeidet etter mal frå tidlegare utførte kartleggingsprosjekt. Resultata frå kartleggingsarbeidet vil bli lagra i NGUs databasar og karta vil bli publisert offentleg på www.ngu.no og www.mareano.no. Produkta frå kartlegginga vil bli levert til kommunane og fylkeskommunen. Karttema som vert levert skal vere lette å bruke i arealplanlegging og forvaltning av sjøområda, gjennom tilgjengelege og standardiserte kart- og datatenester.

1. PRODUKT

Følgjande kartprodukt vil bli utarbeidd:

- Djupnekart (bruk og distribusjon i høgare oppløysing enn 50 m må godkjennast av Forsvaret)
- Botnsediment (kornstørrelse)
- Sedimentasjonsområde
- Ankringstilhøve
- Gravbarheit
- Bratt og flat fjordbotn (skråning)
- Miljøtilstand

Tidsplan for NGU si gjennomføring:

Prosjektet vil vare i 4 år (48 månader) med oppstart så snart finansiering er på plass og nødvendige avtalar er underskrivne.

Arbeidsoppgåve	2019	2020	2021	2022	2023
Innkjøp djupnedata	x				
Prosessering djupnedata	x				
Oppstartsmøte	x				
Tokt		x	x		
Prosessering/tolking			x	x	x
Rapportering/publisering				x	x
Avslutningsmøte					x

Tabell 1 Oversyn over NGU sine arbeidsoppgåver og tidsfasar for arbeidet
 Kostnadsoversyn

Kommune	Sjøareal innanfor grunnlinja + 1 nm (km ²)	Kartlagt (km ²)	Prosent kartlagt	Kostnad m/geokjemi ekskl/mva kr 6000/km ²	Finansiert av NGU
Askvoll	675	586	87	3534000	1767000
Fjaler	72	69	96	414000	207000
Hyllestad	126	113	90	678000	339000
Solund	681	568	83	3408000	1704000
Gulen	394	317	80	1902000	915000
Flora (gjenstående areal)	350	350	100	2100000	1050000
Sum		2 003		12036000	6018000

Tabell 2 Areal som er kartlagt og fordelinga av kostnader. Alle beløp er eksklusiv mva.

NGU dekker halvparten av totalkostnaden på vel 12 millioner kroner eks. mva. Dersom Kartverket utvidar det kartlagde området i prosjektperioden vil eventuelle nye område kunne takast med i kartlegginga. Kostnadane for kartlegging av nye område kjem i så fall i tillegg.

Finansiering

NGU finansierer 50% av totalsummen som eigeninnsats, resten er bidrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane og næringsaktørar. Sogn og Fjordane fylkeskommune er ansvarlig for betaling av bidrag til NGU i tråd med betalingsplan.

Partar	Kartlagt (km ²)	Totalkostnad	50%	Finansiering
Sogn og Fjordane fylkeskommune 43,6%				2 623 848
Flora	350	2 100 000	1 050 000	382772
Askvoll	586	3 534 000	1 767 000	640870
Fjaler	69	414 000	207 000	75460
Hyllestad	113	678 000	339 000	123580
Solund	568	3 408 000	1 704 000	621185
Gulen	317	1 902 000	951 000	346682
NGU				6 018 000
Næringsaktørane 20%				1 137 600
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Dalsfjorden	11	66000		66000
Totalsum	2003	12 036 000	6 018 000	12 036 000

Tabell 3 Finansieringsplan alle beløp er eks mva.

Finansiering tatt utgangspunkt i tidlegare finansieringsmodell, der næringsaktørar dekkja om lag 20% fylkeskommunen 43,6%, restbeløpet på 2 190 552 fordelt mellom kommunane i forhold til areal. $2\,190\,552 / \text{totalareal } 2003 = 1094 (1693,6)$. Kommunal finansiering Areal x 1094.

Selskap	Kostnad 2019	Kostnad 2020	Kostnad 2021	Kostnad 2022	Kostnad 2023	Sum
Total						1 137 600

Tabell 5 Detaljert finansieringsplan for næringsaktørane. Alle beløp eks mva.

Den avtalte summen betalast til Sogn og Fjordane fylkeskommune innan 1.oktober kvart år i avtaleperioden. Kontonummer **4212.02.02000** . Og innbetalinga skal merkast med intern kontering 41083) (marine grunnkart).

Milepelar og betalingsplan:

Milepel nr.	Milepel	Milepeldato	Fakturadato	Fakturabeløp (del av eksternfinansiering)
1	Første kartleggingstokt gjennomført	Etter 6 mnd	Etter 6 mnd	20%
2	Andre kartleggingstokt gjennomført	Etter 18 mnd	Etter 18 mnd	20%
3	Femti prosent av arealet ferdig tokta	Etter 30 mnd	Etter 30 mnd	20%
4	Alle data ferdig tolka	Etter 42 mns	Etter 42 mnd	20%
5	Marine grunnkart publisert på nett og rapport levert prosjektleiar	Etter 48 mnd	Etter 48 mnd	20%

NGU sender faktura i samsvar med betalingsplan til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune er ansvarleg for utbetaling av bidrag på til saman kr. 6018000,- eks. mva til NGU.

Prosjektorganisering

Prosjektleder: Elisabeth Aune - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Styringsgruppe:
Kommunane og næringsaktørar

Referansegruppe:
Fiskeridirektoratet
Fylkesmannen
Kystverket
Alden Hamneområde

Rettar

Fylkeskommunen, kommunane, næringsaktørane og NGU har felles rettar til data som blir samla inn og resultatane som kjem fram i prosjektet. Partane står fritt til å bruke data i offentlege kart og publikasjonar samt til aktiv formidling.

Endringar

Eventuelle endringar og tillegg, som kjem til etter underteikning skal vere godkjende skriftleg av samarbeidspartnarane.

Dato xx. februar 2019

For Sogn og Fjordane fylkeskommune

For Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

For Flora kommune

For Askvoll kommune

For Fjaler kommune

For Hyllestad kommune

For Solund kommune

For Gulen kommune

For

For

For

For

For

For

EXEMPEL